Kjeldesorteringsrettleiar for abonnentar i **SSR** sine kommuner

Restavfall	Papir, papp og kartong	Plast-emballasje	Glas- og metall emballasje	Sko og klede	Hageavfall	Farleg avfall	EE-avfall	Grovavfall / miljøstasjon

Døme:

Restavfall	Papir, papp og kartong	Plast-emballasje	Glas- og metall emballasje	Sko og klede	Hageavfall	Farleg avfall	EE-avfall	Grovavfall / miljøstasjon
Matavfall	Pappkasser, kartong	Plastposar, tome yoghurt-beger, plast-flasker	Glasflasker, tome syltety-glas	Sko	Løv/blad og gras	Lysstoffrøyr		Bildekk
Bleier	Papir, aviser, blad			Klede (jakker, skjorter og liknande)		Batteri	Kvitevarer	Hardplast/plast-møblar
Tørkepapir, serviettar og gåvepapir	Drikkekartong (mjølke-kartong, juicekartong)	Rein isopor (skal i eigen knytt sekk!)	Hermetikk-boksar, metalltuber		Greiner	Bilbatteri	Tv og dataskjermar	Trevirke
Leggast i knytte posar i grøn-edunken.	Leggast laust i blådunken.	Reint, uten matrestar og tørt i knytt, blank sekk.	Skyljast og leggast laust i glasiglo	Klede og tek-stilar skal vere reine, heile og i knytte sekkar.		Måling og olje	Alt som har gått på batteri	Vindauge
				Fretex/UFF-kontainerar	Greinplass/ miljøstasjon	Bringast til miljøstasjon		

Velkomen til nabolaget og som abonnent i SSR!

Informasjonsbrosjyre

Som innbyggar i Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommune, er det vi i SSR som tek oss av avfallet ditt. Vi hentar restavfall, papir og plastemballasje kvar 14. dag ute hos husstandane. Dei andre avfallstypene kan leverast på eigne returpunkt eller på ein av dei tre miljøstasjonane til SSR.

Standardløysing

Dei fleste husstandane har standardløysinga med 140 liter restavfall (grøn dunk) og 240 liter papir (blå dunk). Plastemballasjen skal samlast i blanke sekkar som blir levert ut kvar haust. Henting kvar 14. dag. Pris kr 3.141,60,-(kr 3.927 inkl. mva.)

Storhushald

Om du har behov for større dunk for restavfall (Om du for eksempel har eit eller fleire bleiebarn), er det mogleg å bestille abonnement for storhushald med 240 liter restavfall og 240 liter papir. Henting kvar 14. dag. Pris kr 3.453,60,- (kr 4.317 inkl. mva.)

Redusert gebyr

Som einsleg, eller om de produserer svært lite avfall, er det mogleg å bestille redusert gebyr med 140 liter restavfall og 240 liter papir. Henting kvar 4. veke. Pris kr 2.731,20,- (kr 3.414 inkl. mva.)

SSR sine miljøstasjonar

Kasserte gjenstandar som er så store at dei ikkje får plass i "grønedunken" kan leverast inn på våre miljøstasjonar. Vi oppmodar alle om å levere brukbare gjenstandar som møblar, lampar, bøker og liknande til bruktbutikkar, loppemarknadar, eller dei kan annonserast på finn.no/rubrikkannonser.

Elektrisk - og elektronisk avfall (EE-avfall) kan du levere gratis til butikkar som sel den typen varer. SSR tek også imot EE- avfall kostnadsfritt frå privatkundar. For privatkundar gjeld det same for dei fleste typer farleg avfall og metall.

Opningstider for miljøstasjonane:

Saunesmarka (Ulstein og Hareid):
Man-tors: 10.00-17.30 og fredag: 08.00-15.00

Eggesbønes (Herøy):
Man, ons og tors: 11.00-18.00

Larsnes (Sande):
Tirs: 14.00-18.00

Har du behov for å kontakte SSR, kan du ta kontakt på telefon 70 00 70 50 eller på firmapost@reinhaldsverket.no

Når og korleis blir avfallet henta?

Kva dag avfallet ditt blir henta, kjem an på kvar du bur og kva sone du høyrer til. Du finn informasjon om dette på våre nettsider **www.reinhaldsverket.no,** på vår renovasjonsapp, eller i hente-kalenderen som blir levert til alle husstandane.

Du kan laste vår renovasjons-app på Android- eller Apple-smarttelefonar, dette gjer du ved å søke opp Min Renovasjon hjå Apple Store og Google Play.

På hentedag, må avfallsdunkane plasserast ved næraste veg der bossbilen kjem til. Ta gjerne kontakt med oss på telefon om du er usikker på kvar du skal plassere dunkane dine.

Plast leverer du i blank, knytt sekk som du plasserer ved sidan av dunkane. Dunkane må ikkje vere overfylte og loket skal vere igjen. Om du ikkje får plass til avfallet, kjøper du ekstra sekkar med SSR som du plasserer ved sidan av dunken.